
Saksnr: 2020/71425-175
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

Klage på tre avslåtte søknadar om tilskot til ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UrbanZoo AS vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå Amatørkulturrådet Askøy, Øygarden kulturråd og UrbanZoo AS. Klagen gjeld vedtak om avslag på søknadane om tilskot til ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen. Klagen vart motteke innan tre veker etter brev med underretning om vedtak vart sendt ut.

Etter ei ny og samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram nye opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 25. november 2020, der dei totalt 4 søknadane fekk avslag.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar. Fordeling 2020

2. Vedlegg til saksframlegget Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar (Vedlegg 2)
3. Klage frå Amatørkulturrådet Askøy
4. Klage frå Øygarden kulturråd
5. Klage frå UrbanZoo AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen vart lyst ut hausten 2020 med søknadsfrist 2.november. Retningslinene for ordninga vart vedtatt av Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII) i møte 16.september (sak 107/2020). Vedtak om fordeling av midlar vart gjort av KULII i møte 25.november 2020 (sak 156/2020)

Ved søknadsfrist var det kome inn 175 søknader, der det vart søkt om i alt 74 027 700 kroner i tilskot. KULII løyvde 17 883 000 kroner til 89 søknader.

Innhald i klagene

1. Amatørkulturrådet Askøy

Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy blir grunngjeve med at dei hevder at planverket til fylkeskommunen definerer Askøy som ein region med regionsenter i Kleppestø og argumenterer for dette med å vise til politisk vedtekne planer i fylkeskommunen (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Dei viser også til at Askøy fell inn under definisjonen «Funksjonskriterium» når det gjeld omgrepet regional.

Med bakgrunn i dette ber Amatørkulturrådet Askøy at deira søknader om støtte blir vurdert på nytt då dei meiner dei er avslått på feilaktig grunnlag.

2. Øygarden kulturråd

Klagen frå Øygarden kulturråd blir grunngjeve med at dei hevder at planverket til fylkeskommunen definerer dei tre tidlegare kommunane, Fjell, Sund og Øygarden, som ein region med regionsenter Straume og argumenterer for dette med å vise til politisk vedtekne planer i fylkeskommunen (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Dei meiner at sjølv om dei tre kommunane no er slått saman til ein kommune (Øygarden kommune) ikkje endrar dette. Vidare viser dei til at Øygarden fell inn under begge definisjonane når det gjeld omgrepet regional.

Med bakgrunn i dette ber Øygarden kulturråd at deira søknader om støtte blir vurdert på nytt då dei meiner dei er avslått på feilaktig grunnlag.

3. UrbanZoo AS

Klagen frå UrbanZoo AS inneheld ei oversikt over arbeidet med å etablere dyrehagen og argument for kvifor dei har behov for økonomisk hjelp.

Vurderingskriterium i ordninga

Føremål med ordninga

Føremålet er å oppretthalde kulturaktivitet i Vestland på tross av dei innskrenkingar som koronapandemien medfører.

Omgrepsavklaring

Som regional utviklar støtter fylkeskommunen tiltak som har ei regional rolle / funksjon. Fylkeskommunen kan ikkje kompensere for aktivitetar og verksemder som først og fremst er eit lokalt ansvar.

Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- 1) Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om aktiviteten omfattar fleire kommunar og / eller om aktiviteten vert gjennomført i meir enn to kommunar.
- 2) Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Alle tilrådde kulturaktivitetar / arrangement skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Kven kan søkje

Søkjaren må vere offentlege eller private verksemder. Verksemder som har fått driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune i 2020 er prioriterte.

Kva kan ein få støtte til?

Verksemder kan få støtte til allereie planlagt aktivitet i 2020 eller 2021 som har fått / får auka utgifter grunna avgrensingar som koronapandemien medfører.

Den aktuelle pandemisituasjonen er i endring og vanskeleg å forutsjå. Tildelt beløp kan såleis verte avkorta dersom endringar i situasjonen kan gje høve til auka inntekter på gjennomføringstidspunktet. Døme på dette kan vere høve til auka billettsal, deltakaravgift, eigeninntekter mv.

Omsøkt kulturaktivitet skal vere lokalisert i Vestland. Denne ordninga har ikkje som hovudhensikt å kompensere for tap som kulturlivet opplever under pandemien, men først og fremst sikre aktivitet og gje høve til langsiktig planlegging. Det er staten som har hovudansvaret for kompensasjon av tap som dei pålagte restriksjonane har ført til og vil føre med seg. Det vil likevel vere ope for å søkje om kompensasjon for tap, men det må då gå klart fram av søknaden kvifor tiltaket ikkje er omfatta av statlege eller andre kompensasjonsordningar.

Regionale paraply- og nettverksorganisasjonar innan frivillig sektor / idrett og friluftsliv har høve til å vidareformidle midlar til sine medlemmer. Søknaden må då innehalde føremål og plan for slik vidareformidling.

Vurdering av søknad

Følgjande punkt vert lagt til grunn for vurderinga:

- Regional kulturverdi
- Motteke driftsstøtte 2020
- Verksemda / tiltaket fell ikkje inn under statlege eller andre kompensasjonsordningar
- Behovet for ekstraordinære midlar for å gjennomføre den aktuelle aktiviteten / tiltaket.
- Konsekvens av inntektsbortfall

Tal på søknadar og samla søknadssum vil vere avgjerande for korleis midlane vert fordelt. Støtte gjennom denne støtteordninga er ikkje rettighetsbasert.

Fylkesdirektør tek sikte på å setje ned ei tverrfagleg gruppe i avdeling for kultur, idrett og inkludering som skal førebu saka for politisk handsaming.

Grunngjeving for avslag

1. Amatørkulturrådet Askøy

Amatørkulturrådet Askøy hadde inne to søknader som vart vedtatt avslått med følgjande grunngjeving:

Søknad om støtte til anskaffing av utstyr for streaming (UngStream), søknadssum 100 000 kroner:

Amatørkulturrådet Askøy søkjer om tilskot til å skape ein digital, interaktiv open møteplass, for og med ungdom. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden ikkje blir støtta då den i liten grad stettar vurderingskriteria i tilskotsordninga. Som eit lokallag vert også amatørkulturrådet Askøy rekna som eit lokalt ansvar

Søknad om støtte for å stimulere lagene i vår region til aktivitet og langsiktighet, søknadssum 400 000 kroner:

Amatørkulturrådet Askøy søkjer om tilskot til vidareformidling til lokalt kulturliv for å stimulere til aktivitet. Søknaden stettar i mindre grad opp under føremålet i ordninga og vurderingskriteria, og fylkesdirektøren tilrår derfor at den blir avslått. Som eit lokallag vert også amatørkulturrådet Askøy rekna som eit lokalt ansvar

Begge søknadane gjaldt fullfinansiering frå fylkeskommunen og viste ingen andre former for finansiering.

2. Øygarden kulturråd

Øygarden kulturråd sin søknad vart vedtatt avslått med følgjande grunngjeving:

Søknad om tilskot til laga i vår region for å stimulere til aktivitet og langsiktigheit, søknadssum 400 000 kroner:

Øygarden kulturråd søker om tilskot til vidareformidling til lokalt kulturliv for å stimulere til aktivitet. Søknaden stettar i mindre grad opp under føremålet i ordninga og vurderingskriteria, og fylkesdirektøren tilrår derfor at den blir avslått. Som eit lokallag vert også Øygarden kulturråd rekna som eit lokalt ansvar

Søknaden gjaldt fullfinansiering frå fylkeskommunen og viste ingen andre former for finansiering.

3. UrbanZoo AS

UrbanZoo AS sin søknad vart avslått med følgjande kommentar:

UrbanZoo AS har ikkje motteke driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune for 2020. Ein heilskapleg vurdering av søkjarmassen gjer at søknadar som ikkje ligg inne på Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett, eller som ikkje har motteke prosjektstøtte tidlegare, ikkje vert prioritert i denne ordninga.

Vurdering av klagen

1. Amatørkulturrådet Askøy

Amatørkulturrådet Askøy viser i sin klage til Regional plan for attraktive senter, som er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Etter § 8-2 skal planen leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Regional plan for attraktive senter har eit hovudmål med fire underpunkt:

Hovudmål: Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum

Følgjande definisjonar er lagt til grunn i planen:

- Senter: Geografisk stad med funksjonar som offentlege og private tenester, handel mv. som fungerer som eit knutepunkt for eit omland. Senter fastsetjast i regional eller kommunal plan.
- Senternivå: Fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter, lokalsenter eller nærsenter.
- Sentrum: Den mest sentrale delen av byen eller tettstaden. Sentrum er eit konsentrert og avgrensa område med ein gangbar kjerne.

Midlar frå tilskotsordningar på kulturfeltet er ikkje rettighetsbasert. Alle som søker midlar frå våre tilskotsordningar søkjar med den grunn at dei meiner dei fell innanfor retningslinene / kriteria til den einskilde ordning. At Kleppstø er definert som eit regionsenter, inneber ikkje at Askøy i seg sjølv er ein region. Askøy er éin kommune. Det er heller ikkje slik at ved å definere noko som eit regionsenter, så skal fylkeskommunen overta ansvaret for all kulturaktivitet i der. Kommunen har framleis ansvaret for den lokale kulturaktiviteten. Å vere eit regionsenter definerer ikkje regional kulturverdi. Det er framleis kriteria i dei fylkeskommunale retningslinene som må leggast til grunn.

Dei to søknadane frå Amatørkulturrådet vart ikkje vurdert til å ha regional kulturverdi, hvilket er eit absolutt kriterium for å tilrå støtte. Som Amatørkulturrådet Askøy nemner i sitt brev, så har omgrepet regional to prinsipielle hovudkriterium; 1) Geografisk kriterium og 2) Funksjonskriterium.

Askøy kommune er éin kommune og søknadane fell difor ikkje innafor punkt 1) Geografisk kriterium. Dei vurderer sjølv at søknadene fell innafor punkt 2) Funksjonskriterium, ei vurdering

fylkesdirektør ikkje er samd i. Slik det er opplyst i søknadane inneheld det ikkje ein regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

Alle tilrådde kulturaktivitetar / arrangement skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

I regional plan for kultur for Hordaland 2015-2025 blir det slått fast at det er eit mål å etablere amatørkulturråd i kommunane. Dette er også bakgrunnen for at Hordaland fylkeskommune tildelte midlar til oppstartstøtte til amatørkulturråd. Amatørkulturrådet har i hovudsak oppgåver innan eigen kommune. Ei eventuell drift av disse er difor ei kommunal oppgåve.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar som er vesentleg nye, samanlikna med søknaden. Fylkesdirektør vurderer ikkje innhaldet i klagen til å vere av ein slik art at det påverkar vurderinga og vedtaket i saka.

2. Øygarden kulturråd

Øygarden kulturråd viser også i sin klage til Regional plan for attraktive senter, som er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1.

Midlar frå tilskotsordningar på kulturfeltet er ikkje rettighetsbasert. Alle som søker midlar frå våre tilskotsordningar søker med den grunn at dei meiner dei fell innanfor retningslinene / kriteria til den einskilde ordning. At Straume er definert som eit regionsenter, inneber ikkje at Øygarden i seg sjølv er ein region. Det er heller ikkje slik at ved å definere noko som eit regionsenter, så skal fylkeskommunen overta ansvaret for all kulturaktivitet i der. Kommunen har framleis ansvaret for den lokale kulturaktiviteten. Å vere eit regionsenter definerer ikkje regional kulturverdi. Det er framleis kriteria i dei fylkeskommunale retningslinene som må leggst til grunn.

Søknaden frå Øygarden kulturråd vart ikkje vurdert til å ha regional kulturverdi, hvilket er eit absolutt kriterium for å tilrå støtte. Som Øygarden kulturråd nemner i sitt brev, så har omgrepet regional to prinsipielle hovudkriterium. Øygarden kulturråd vurderer sjølv at dei fell innafor begge definisjonane, noko fylkesdirektøren ikkje er samd i. Øygarden kommune er éin kommune og søknadane fell difor ikkje innafor punkt 1) Geografisk kriterium. Kommunen er eit resultat av at tre tidlegare kommunar har slått seg saman, men dette endrar ikkje vurderinga. Slik det er opplyst i søknaden inneheld det ikkje ein regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg og den fell difor ikkje inn under punkt 2) Funksjonskriterium.

Alle tilrådde kulturaktivitetar / arrangement skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

I regional plan for kultur for Hordaland 2015-2025 blir det slått fast at det er eit mål å etablere amatørkulturråd i kommunane. Dette er også bakgrunnen for at Hordaland fylkeskommune tildelte midlar til oppstartstøtte til amatørkulturråd. Amatørkulturrådet har i hovudsak oppgåver innan eigen kommune. Ei eventuell drift av disse er difor ei kommunal oppgåve.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar som er vesentleg nye, samanlikna med søknaden. Fylkesdirektør vurderer ikkje innhaldet i klagen til å vere av ein slik art at det påverkar vurderinga og vedtaket i saka.

3. UrbanZoo AS

UrbanZoo AS skriver m.a. i sin klage at «Det er sant at vi ikke har søkt om støtte før 2020. Det er fordi vi brukte 2019 til å bygge en dyrehage og først åpnet i januar. Vi er den som virkelig trenger hjelp fra kommunen fordi vi er et godt tilskudd til regionen, men kan ikke få støtte for vårt tap på grunn av korona. Se oversikten for historie. Vi er flott og unikt tillegg vestland, men så trist at vi ikke kan få støtte og må stenge».

Søkjerbiletet i ordninga var samansett og søknadane innan dei tre områda (idrett og friluftsliv, frivillig kulturliv og profesjonelt kulturliv) skilte seg frå kvarandre. Den skjønsmessige vurderinga var difor noko annleis frå område til område. Samla søknadssum for området profesjonelt kulturliv var 47 917 172 og det var 8 727 440 kroner til fordeling. UrbanZoo AS definerte seg innan området profesjonelt kulturliv og har nytta året 2019 til å etablere seg og opna dyrehagen i januar 2020. Dei

har verken motteke driftsstøtte eller prosjektstøtte tidlegare. I vurdering av alle søknadane innan profesjonelt kulturliv og fordeling av midlar i dette området vart det konkludert med at søknadar som ikkje hadde motteke driftsstøtte for 2020, og som ikkje har fått prosjektstøtte tidlegare, ikkje var mogleg å prioritere. Dette fordi det var svært mange søknadar, og høge søknadssummar, frå organisasjonar / institusjonar som hadde motteke driftsstøtte for 2020 og / eller prosjektstøtte tidlegare. I tillegg er det ikkje ei kulturpolitisk oppgåve å støtte drift av ein dyrehage.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar som er vesentleg nye, samanlikna med søknaden. Fylkesdirektør vurderer ikkje innhaldet i klagen til å vere av ein slik art at det påverkar vurderinga og vedtaket i saka.

Sideomsyn

Når det gjeld klagen frå Amatørkulturrådet Askøy og Øygarden kulturråd er det viktig å påpeike sideomsyn. Dersom Vestland fylkeskommune skal starte eit arbeid med å støtte det lokale kulturlivet i enkeltkommunar, vil det medføre store konsekvensar. Kvar kommune har ansvar for å støtte lokalt kulturliv, jf Kulturlova. Ein fylkeskommune kan ikkje overta det lokale ansvaret, då fylkeskommunen har eit regionalt ansvar.

At Kleppestø i Askøy kommune og Straume i Øygarden kommune er definert som regionsenter i Regional plan for attraktive senter betyr ikkje at fylkeskommunen såleis skal overta ansvaret for all kulturaktivitet i desse kommunane. Til dømes er Bergen nemnt som både regionsenter og fylkessenter, men det inneber ikkje at Vestland fylkeskommune kan vurdere alle kulturaktivitetar i Bergen til å ha regional verdi.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket vil ikkje få økonomiske konsekvensar

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Amatørkulturrådet Askøy sitt arbeid er viktig for å styrke amatørkulturen og frivillige lag og organisasjonar sitt arbeid i kommunen. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det gjennom klagen ikkje kome inn nye opplysningar som gir grunnlag for å endre vedtaket i saka.